

Årsmelding 2017

NLT Sunnfjord driv formidling av arbeidskraft, utlønning og tenesteytingar for sine medlemmar i Naustdal, Førde, Gaular, Hyllestad og Høyanger nordside.

Laget har arbeidsgjevaransvar.

Kontoret har ope måndag – fredag frå 0900 – 1500, og det blir fortsatt drift i 2018.

Styret har i meldingsåret vore samansett slik:

Knut Horne	Styreleiar
Asbjørn Høydal	Nestleiar
Anne Berit Holsen	Styremedlem
Linda Kristin Oppedal	Styremedlem
Ann Elen Endestad	tilsette sin rep. i styret

Vara:

Oddvar Aase	1.vara
Kåre Ullaland	2.vara
Geir Eide	3.vara

Valnemnd:

Norvald Erdal	2017
Arild Herstad	2018
Magne Viken	2019

Revisor: Deloitte

NLT Sunnfjord har i 2017 hatt 3 styremøter og 16 saker er protokollerte. Vi har hatt utlønning for 263 medlemmar i 2017.

Som rekneskapet viser har vi i år har eit overskot på kr 104.694,-

Tilsette i laget

NLT Sunnfjord har betalt ut lønn til 554 personar dette året.

Vi har hatt 2 avløyssarringar drift, 1 i Førde og 1 i Hyllestad. Vi har og hatt nokre frilanse avløyssarar som har jobba ein del, i tillegg har det også vore brukt ein del aust europearar som avløyssarar. Mange av desse er gjengangarar som kjem tilbake år etter år.

Vi har og mange familie/deltidsavløyssarar, og dette fungerer bra.

Det er tilsett 2 stk i administrasjonen, i til saman 120% stilling.

Blant dei tilsette i laget og i styret, er både kvinner og menn representerte.

Webtemp

Enkelt for deg som er bonde – enkelt for deg som er avløser – enkelt for laget

Som bonde kan du til enhver tid logge deg inn på din side på nettet. Her kan du:

- Godkjenne eller avvise innleverte timelister
- Ha oversikt over ledige oppdrag og forlenge eksisterende oppdrag
- Ha full oversikt over din reskontro
- Signere dokumenter elektronisk
- Kommunisere med ditt lokallag, via din postkasse

Er du avløser, kan du selv registrere deg og din CV på nett.

Her kan du:

- Levere timelister elektronisk via PC, nettbrett eller SMS
- Ha full oversikt over dine oppdrag
- Akseptere oppdrag
- Oppdatere CV
- Kommunisere med laget via din postkasse



No har webtemp vore i bruk i 1 år, og vi har jobba med å få medlemmane/lønsmottakarene til å ta i bruk elektroniske timelister. Gradvis har vi sett ein auke i bruken, sjølv om det fortsatt er ein jobb å gjere her.

Erfaringane elles etter eit års bruk er at det er eit godt verkty, for alle partar.

Hausten 2017 kom appen, tilbakemeldingane frå dei som har tatt den i bruk er gode.

Landbruksvikar

NLT Sunnfjord har 2 landbruksvikarstillingar på 100% kvar. Desse stillingane har vore delvis besatte i 2017.

Vegard Hellem sa opp si stilling med verknad 1.april.

Even Klopstad Holsen vart tilsett i denne stillinga, og starta i jobben 5.oktober.

Birthe Tveiten sa opp stillinga si med verknad frå nyttår.



Even Klopstad Holsen

Arbeidsmiljø

Vi har betalt ut kr 102.509,- i sjukeløn i år

Kurs/møter – sosiale samankomstar

Styreleiar og ein styremedlem var utsendingar til NLT sitt årsmøte på Gardermoen i Mars. Styremedlem Linda Kristin Oppedal er 1.vara i styret i Norske landbrukstenester. Ho har møteplikt og deltar også på styremøta der.

Vi hadde ein presentasjon på Mo i April, der vi informerte argronomelevar om NLT Sunnfjord, og kva vi driv med. Dette viser seg å vere nyttig med tanke på rekruttering av både avløyssarar og nye medlemmar.

I Mai deltok vi, 3 stk frå NLT Sunnfjord, på vårsamling/kurs som NLT arrangerte på Gardermoen.

18.Mai deltok adm på eit møte hjå fylkesmannen, tema der var landbruksvikarordninga og rekruttering. Susan Stavøstrand frå NAV eures informerte om rekruttering.

Det årlege kurset for landbruksvikarar/administrasjonstilsette var i år i Øystese. Frå NLT Sunnfjord deltok 4 stk, derav to frå administrasjonen. Dette har vorte ein populær samling, der landbrukstenestene i Hordaland og Sogn og Fjordane arrangerer kvar sitt år.

20.10 deltok to stk frå NLT Sunnfjord på glattkøyringskurs i Stardalen

NLT sin årlege haustsamling var på Gardermoen i oktober. Frå NLT Sunnfjord reiste 3 stk.

I desember kalla vi inn landbruksvikarar og styret til julemiddag.

Internett

NLT Sunnfjord har oppdaterte internettsider: <http://www.landbruk.org>. Vi er også på facebook

Vi oppmodar våre medlemmar å bruke desse sidene aktivt for informasjon og kontakt med oss i styret og administrasjonen.

Renter

Rentesatsane på medlemmane har i år vore 7 % på uteståande og 1 % på inneståande, summen av dette vert kr 93.343. Renter i bank har vore kr 17467,-

Knut Horne

Asbjørn Høydal

Anne Berit Holsen

Linda Kristin Oppedal

Oddvar Aase

Ann Elen Endestad

Kari Stokkebekk (admin)

Førde
